



Besøket i TI-aren Cafe er aukande på nyåret. Dette biletet vart teke tysdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Besøket i TI-aren Cafe i Gamleskulen er aukande på nyåret. Medan det tirsdag i førre veka var 19 innom, var det 25 denne tysdagen. Blant dei siste var det til og med to menn, og det må reknast som ein liten sensasjon.**

Vertskapet denne gongen – Arnhild Myklebust, Martha Bakke og Tordis Slåke – var med god grunn tilfredse med oppslutnaden. Gjestene var på si side nøgde med utvalet av godsaker og kom ikkje minst med godord om vaflane, Dei var utruleg gode!

Kafeen opnar no klokka 11.30 og stengar klokka 15.

Men kva skjer til sommaren, undrast nokon. Dei meiner det då vil vera ein god ide å halda ope også på laurdagar, eller eventuelt berre på laurdagar.

Ellers er det ei nærliggjande oppgåve å få nye møblar på plass – og kanskje også noko vakkert på veggjane.

Av Ola Matti Mathisen